



DC Eikefet Aggregates AS  
Eikemovegen 3

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15163 - 20/77041

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.12.2020

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden (parsell 3) - gbnr 220/2 Store Urdal**

**Tiltak:**  
**Byggjestad:** Gbnr: 220/2  
**Tiltakshavar:** Dc Eikefet Aggregates AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppretting av ny parsell (nr. 3) frå gbnr 220/2 den 07.09.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

### **Planstatus**


Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikefet Urdal steinbrot og deponi, planid 1 263-201107, er avsett til lager, f\_BL1, og kai, SK2.

Del av området vil liggja innanfor omsynssona ras- og skredfare H310\_1, H310\_2 og H310\_3, og del av kaien ligg innanfor omsynssone flomfare H320.


Det går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 at reguleringsplanen gjeld med endring/supplering av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Det er eit avvik mellom situasjonsplanen som føl søknaden og reguleringsplanen. Dette har si årsak i at kommunen sitt planregister ikkje har vore oppdatert i forhold til den sist vedtatte endringa av planen. Det er heller ikkje nytta sist oversende situasjonsplan datert 22.06.2020 ved innsending av søknaden. Kommunen legg til grunn at det er arealet som er avsett til lager og kai som skal delast frå slik det går fram av situasjonsplan datert 22.06.2020 og godkjend reguleringsplan. Av plankartet går det fram at del av den nye parsellen vil koma i konflikt med byggegrensa langs vassdrag slik den går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019-2031.

## Situasjonsplan



## Plankart som viser omsøkt parsell



## Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

- Bekreftelse på at det berre er arealet som er avsett til lager, f\_BL1, og kai, SK2, som skal inngå i søknaden.
- Dispensasjon frå byggegrensa mot vassdrag

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **01.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Situasjonsplan datert 20062020

**Kopi til:**

DC Eikefet Aggregates AS

Eikemovegen 3

**Mottakarar:**

DC Eikefet Aggregates AS

Eikemovegen 3